

# MONTERING AV PLAKATANE TIL PÅSKEVANDRING

Plakatane er framstilte i plast, PP-film. Det er eit produkt som toler sollys og uver. Vi tilrår å feste plansjane på stive plater med solid dobbelsidig tape – teppetape.



## Filmbelagt landbruksfinér

Dimensjon: 9 mm x 1200 mm x 2400 mm

Overplatebehandla mot vatn og UV-stråling.

Farge: Grå på eine sida og kvit på andre sida  
eller brun på eine sida og kvit på andre sida

Bileta kjem best fram på den farga sida av plata.

Ei plate (nok til 15 plansjar) kostar ca kr 1700,- inkl MVA.



## Voksa OSB-plate

Dimensjon: 12 mm x 1200 mm x 2400 mm

Denne plata er ikkje så haldbar som landbruksfiner, men er mykje  
billigare. De bør behandla platene, særleg skjerkantane, gjerne med  
klarlakk som er berekna for utandørs bruk.

Ei plate (nok til 15 plansjar) kostar ca kr 500 inkl MVA.

OSB-plata kan sagast med vanleg handsag.

Del plata i 15 delar à 40 cm x 48 cm slik:


Til landbruksfiner er det best å bruka  
handsirkelsag med skarpt blad. Legg plata med  
baksida (den kvite sida) opp og kutt opp



Det finaste er å lime plansjane på platene.

Vi har fått best resultat med å bruka **dobbelsidig teppe-tape**, som dei sel i fargehandel eller  
byggvarerbutikk. Ein liten bit i kvart hjørne og ein ekstra bit på kvar langside.

Men de kan òg bruke:

- Limpistol. Gjev fint resultat, men risiko for at plansjane kan løsna.
- Tec7 Trans Clear. Festar godt, men då kan ikkje plansjane takast av platene etterpå.  
Den same limen kan de bruke til å forsegle skjerkantane mot fukt.